

Krossøy

TEMA: Byggeskikken ①115, Kremmerleier ①105
KART: ④440

Lengst nord i øyriket RONGEVÆR, ved innseglinga til Fensfjorden, ligg KROSSØY. Til garden høyrer øyane Krossøy, Husøy, Kårøy, Lyngkjerringa, Søre Kjerringa, Rotøy og Kubovet. Alle desse har vore busette. På sjølve Krossøy er det i dag fire bruk. Sjøbruksmiljøet her er eitt av dei best bevarte langs Vestlandskysten.

Sjøbruksmiljøet på Krossøy.



Frå Kvalvågstraumen.

KVALVEIDING

Mellom dei to gardane KVALVÅGEN og ULVØYNI går det eit langt, krocket sund. Det nordre innløpet, Kvalvågstraumen, er så grunt at det berre er farande med mindre båtar. Innløpet frå sør, Renningen, er derimot djupt. Her kunne kvalen finna vegen inn, men han kom ikkje ut att på den andre sida, gjennom Kvalvågstraumen. Når kvalen hadde forvilla seg inn ved Renningen, vart sundet sperra med ei stor not.

Kor langt bakover i tid det har vore drive kvalveiding her, veit ingen i dag, men gjennom heile 1800-talet var det drive fangst i dette sundet. Ved innløpet låg det alltid kastestein på berget til å skremma kvalen inn i sundet, slik at dei i ro og mak kunne stengja av med nota. Dei gamle passa nøye på at ikkje ungdommen heiv vekk steinen. Fangstrettskapen var enkel; ein harpun eller spyd som dei kasta med handmakt frå vanlege færingar. Det kunne vera litt av eit vågestykke å gå innåt når kvalen var vorten såra. Den siste kvalen vart teken her i 1928.

På Krossøy ligg innmark og bygningar på austsida av øya, med tuna trekte litt attende frå sjøen og nausta. Ein velbygd steingard avgrensar innmarka frå utmarka. Frå stovehusa går det ein stig til lœa og ein til sjøen. Det er fisket som har vore hovudnæringa her ute ved havet; jordbruket har vore tilpassa det daglege hushaldet. På eitt av bruka er det også ei intakt smie, med blåsebelg, grue og verktoy.

Hamna ligg skjerna av nokre holmar. Sjøbruksbygningane ligg i ein tett krull, plasserte med omhu i ly for det tunge

draget i sjøen etter uvêr i havet. Her ligg det naust, sjøbuer og torvhus. Ute på øyane vart det teke torv som vart lagra her. Kaiar, lunnar og hopar er mura i gråstein, sjøhusa er grindbygde; dei fleste frå slutten av 1800-talet. Kulturlandskap og bygningar på Krossøy er ein sjeldsynt harmonisk heilskap. Sjøbruksmiljøet har høg vernestatus i landssamheng.

Den eldste skulen i Rongevær vart bygd i 1909. I 1933 vart han flytta til ei av naboøyane, Lyngkjerringa. Skulestova er i dag i bruk som Rongevær kurs- og fritidssenter; ein etterspurd seminarstad. □

TOFTEGÅRD VED KVALVÅGEN

Garden KVALVÅGEN er nemnd tidleg i skriftlege kjelder. I eit brev frå 1528 er skriveforma Hvalswogh. Namnet fortel sjølvsagt at det har gått «kval i våg» her i gammal tid. Husa på Kvalvåg skal etter tradisjonen vera bygde av DANCKERT HEIBERG (1735–1795). Han kom til garden i 1773 og innførte namnet TOFTEGÅRD. Heiberg åtte mange gardar, mellom andre Fedje og Kilstraumen. Desse selde han til CHRISTOPHER KAHRS i 1799. Kahrs busette seg på Toftegård og pakta vekk dei andre eigedommane. I 1838 tok sonen CHRIST KAHRS opp handel i Kvalvågen, men kjeldene fortel at Kvalvågen er ein av dei eldste handelsstadene i Nordhordland.

På Toftegård var det også ein bøkkarverkstad. I siste halvdel av 1800-talet vart det bygt ei mølle i Kvalvågstraumen, driven av tidevatnet. Mølla vart bygd av steinheller frå den hellelagde vegen ned til sjøen. Det står enno restar etter mølla, men av den gamle

busetnaden på Toftegård er det meste borte. I 1830-åra var det husjomfru og huslærar på Toftegård, 3 tenestejenter og 3 drenger, og 6 husmenn hadde vanleg pliktarbeid på garden. På nordsida av tunet var det ein karussedam og nede ved sjøen ein fiskedam, slik at det alltid var fersk fisk på bordet. Kvar vår og haust var det tingsete her, med sorenskrivaren for Nordhordland i spissen.

I alléen frå hovudhuset og ned til bryggja var det planta tresortar som osp, eik, rogn og bjørk. Våningshuset, ein stor einetasjes kvitmåla bygning med ark og loft, låg vakkert til, med utsyn både mot sør og nord. Vêst for våningshuset låg Tingstova; ein større bygning som også inneheldt handelsbu, bakeri, bryggjarhus og drengestove. På austsida stod det såkalla «Småhuset»; ein liten einetasjes bygning som vart nytta til kontor av dei som var skrivarar for lensmannen og sorenskrivaren under tingmøta.